PROTOKOLL FRÅ
GENERALFORSAMLING I
Campus Førde Verftet AS

Den 21.juni 2024 vart det gjennomført generalforsamling i Campus Førde Verftet AS på eit videomøte frå klokka 09:00 til 09:22.

Til stades var:

- Høgskulen på Vestlandet representant for 450 aksjar og 450 røyster ved Jens Kristian Fosse
- Sunnfjord Kommune representant for 100 aksjar og 100 røyster ved Jenny Føling
- Vestland Fylkeskommune representant for 450 aksjar og 450 røyster ved Siri Sandvik.

Alle aksjane og 100 % av røystene i selskapet var tilstades på generalforsamlinga.

Dessutan møtte: Øyvind M. Berge (styresekretær).

Til handsaming låg følgande saker føre:

Saker:	Tittel
1/24	Godkjenning av innkalling og sakliste.
2/24	Val av møteleiar, sekretær og to representantar til å skrive under protokollen.
3/24	Godkjenning av årsrekneskap og revisjonsmelding for 2023.
4/24	Val av styremedlem.
5/24	Val av revisor.

Før handsaming av sakene i generalforsamling gav styreleiar ei orientering om aktiviteten i selskapet sidan førre generalforsamling. Det er stadig auka bruk, og av næringsaktørarar. Det er gjennomført ei rekkje vitjingar og omvisningar, mellom anna frå politikarar mfl. Det er vidare stor aktivitet knytt til opplæring og utdanning, og saman med opplæringskontora i fylket. Campus Verftet AS er blitt ein viktig del av det regionale innovasjonssystemet. Selskapet arbeider no med å styrke det kommersielle utgangspunktet for aktiviteten i selskapet. Grunna det offentlege eigarskapen og reglar for statsstøtte, har ein fram til no måtte halde denne aktiviteten nede. Ein ser no på modellar for å utvide eigarskapen før å gjere det mogleg å auke aktiviteten på det næringsretta området. Det vil difor bli eigarmøte og hyppige styremøter hausten 2024. Siktemålet er at ein ved inngangen til 2025 kan komme med eit framlegg til ein utvida eigarmodell for selskapet.

Protokoll

1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkallinga og sakslista var godkjent.

2/23 Val av møteleiar, sekretær og to representantar til å skrive under protokollen.

Jens Kristian Fosse vart vald som møteleiar, Øyvind M. Berge som sekretær, medan Siri Sandvik og Jenny Følling vart vald til å skrive under protokollen

Sak 3/24 Årsrekneskap 2023

Årsrekneskap og revisjonsmelding for Campus Førde Verftet AS for 2023 vart godkjent (sjå vedlegg). Revisormelding vert ettersendt når det føreligg signert.

Sak 4/24 Val av styremedlem

Generalforsamlinga valde Christina Kvamme som varamedlem for Olin Johanne Henden, John Torsvik som styremedlem og Beate Dybedahl Nordvik som varamedlem for John Torsvik.

Generalforsamlinga valde Brit Julbø som varamedlem for Øystein Stavø Høvig.

Alle andre styremedlemmer var attvalde. Styret sin samansetnad etter valet går fram av tabellen under:

Styremedlem		**Varamedlem**		
Jens Kristian Fosse (styrelelar)	Attvald	Øyvind M. Berge	Attvald	HVL
Øystein Stavø Høvig	Attvald	**Brit Julbø**	Ny	HVL
Erlend Toftesund	Attvald	Sissel Bruland Gurvin	Attvald	HVL
John Torsvik	Ny	**Beate Dybedahl Nordvik**	Ny	Vestland fylkeskommune
Kathrin Jakobsen	Attvald	Rolf Årdal	Attvald	Vestland fylkeskommune
Olin Johanne Henden	Attvald	**Christian Kvamme**	Attvald	Vestland fylkeskommune
Gunnhild Berge Stang	Attvald	Bente Hauge	Attvald	Sunnfjord kommune

Sak 5/24 Val av revisor

PwC vart valt som revisor for selskapet for revisjon av årsrekneskapen for 2024. Godtgjersle vert fastsett etter rekning.

Det var ikkje fremma saker til eventuelt, og generalforsamlinga vart heva. Protokollen vart sirkulert og godkjent.

Siri Sandvik

Siri Sandvik (sign)

Jenny Følling

Jenny Følling (sign)